



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Knut Helge Olsen - 55516534

Vår referanse:
2015/111909-003

Dykkar referanse:
Vår dato:
08.09.2015

Trafikksikringstiltak på fylkesvegane mellom Seim og Feste / Lygra

Representanten Pål Kårbø (KrF) i samferdsleutvalet, Hordaland fylkeskommune, har meldt inn følgjande spørsmål frå utvalet:

«Fylkesvegen mellom Seim og Feste/Lygra har relativt dårlig standard. Mange fjellnabber bør bort og det er få gode møteplasser.

Både Lindås kommune og lokale grunneigarar har påpeika dette mange gonger ovanfor HFK. Det er også sendt inn fotomateriale og skildring på eksakte punkt som bør betrast.

KrF ønskjer fortgang i dette arbeidet. Eg bed difor om tilbakemelding på status for innmelde behov, og økonomisk anslag for kva dette kostar.»

Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen hadde kontaktmøte med Lindås kommune i 2010/2011. Kommunen ytra då si otte for den nemnde vegstrekninga. I same møte var deltakarane samde om at Lindås kommune utarbeida ein rapport med tiltak, og kostnadsrekna tiltaka. Rapporten er utarbeida og det er gjennomført nytt møte mellom Lindås kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Det er dessverre trøngt om midlar til å gjennomføre utbetringstiltak på dei fylkesvegene som ikkje inngår i det overordna fylkesvegnettet. Difor er det vanskeleg å finne rom for å gjere så mykje meir enn det som er strengt naudsnt for å ha trafikk på vegen. I møtet vart det peika på at det var viktig at kommunen prioriterte dei tiltaka som gjeld trafikksikring inn i sin trafikksikringsplan.

I gjeldande trafikksikringsplan for Lindås finn vi dei fleste prioriterte tiltak på fylkesveg 402 kring tettstaden Seim (prioritet 3, 6 og 10 i strakstiltaka). Det ligg og eit prioritert tiltak på fylkesveg 404 ved Tofting (vegkryss mot Lygra), men heilt nede på femtande plass. Siktproblem knytt til fjellnabbar, og manglande møteplassar på strekninga er ikkje nemnd blant dei prioriterte tiltaka i TS-planen til Lindås kommune.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø⁹⁸¹⁵
Telefon:
Telefaks:

For 2015 er det satt av kr. 400.000,- til TS-tiltak. I samråd med Lindås kommune er desse midlane foreslått nytta til rekkverk ved Kløve, og fleire fartshumper ved Myking skule (prioritet 5 og 9 i TS-plan). Statens vegvesen reknar med at tiltaka kjem i produksjon kring november 2015.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing


Olav Finne
Avdelingsdirektør


Knut Helge Olsen
Seniorrådgjevar